

Reed

Kolbjørn Hunskaar  
6827 Breim

Norges Vassdrag- og Energidirektorat  
Postboks 5091  
0301 Oslo

Eg Kolbjørn Hunskaar og søstra mi Marte O.H. Hunskaar er eigara av 100/12.

Staden vert kalla Tinghaugen etter opphaveleg tingstad og hestebeite her.

Rundt 1870 kom bustadhuset her opp, bygd av Gabriel Reed den eldre.

Oldefar Jakob Hunskaar fekk skøyte på eigedomen i 1908.

Naustet til bruket ligg i Reedfjæra rett nedanfor.

Dette er ei spesiell fjære. Her er lang-grunt med svært fin sand.

Reed-arane som hadde eigedomane på andre sida av vatnet, nytta fjæra til landingsplass for produkta sine frå skog og fjell. Hit kom kirkefolk, prestar og andre reisande i land før dei fekk Gamlebrygga og seinare Nybrygga.

Elva frå øvre bygda gjennom Bakkejølet renn her ut i vatnet og danner Løken.

Området er den mest brukte bade, leike, og grillplassen i Reedfjæra idag.

For eigen del er vi opptekne av å få sett i stand naustet vårt som har vorte skada,

m.a. av flaumen i 1950-åra og seinare åra.

Heile dette området er eit sær sars viktig kulturområde der naturen med Storelva og vatnet rammar inn det heile.


Vi er samde med naturvernarane om at ei stor utbygging av Storelva ikkje kan finne stad.

Det vil gjere altfor store inngrep i naturen.

Difor avviser vi heilt planane til Breim kraft.

Breim 14.08.2011

Med helsing



Kolbjørn Hunskaar